



Utlendingsdirektoratet  
NO-5015 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/715 - 17/7923

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:  
13.03.2017

## Kontroll av Lindås mottak 2017 - Innhenting av synspunkt frå vertskommune

Viser til skriv datert 27.02.17, der UDI informerer om planar for kontroll av Lindås mottak for einslege mindreårige i 2017. I samband med kontrollane ber UDI om Lindås kommune si vurdering av:

- Eiga tenesteyting overfor bebuarar på mottaket og samarbeidet med mottaket
- Korleis mottaket fungerer i lokalsamfunnnet
- Eventuelle konfliktar som bebuarane på mottaket har vore involvert i
- Eventuelt anna

I det følgjande blir kommunen sitt arbeid knytt til tenester for asylsøkarar ved Lindås mottak for einslege mindreårige, samt erfaringar med samarbeidet, skissert. Som vist til i skrivet frå UDI, blir det henta inn opplysningar frå barnevernet gjennom separat brev. Dette svarskrivet dekkjer også innspel frå skulefeltet.

### Tenesteyting frå Lindås kommune

- Alle asylsøkarar får fastlege i Lindås kommune så snart dei har fått D-nummer
- Dei som ikkje har fastlege har tilgang til kommunal allmennlege
- Dei som ikkje har hatt tuberkulosekontroll før dei kjem til Lindås, får slik kontroll her, med nødvendig oppfølging. Det blir også gitt tilbod om vaksinering etter nasjonale tilrådingar
- Alle får tilbod om samtale og undersøking hos lege etter 3 månader
- Det er helsesøster på ungdomsskulen
- Kommunen har lågterskel psykolog
- Kommunen har fysioterapeut
- Det er godt samarbeid mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta
- Legevakt for augeblickleg hjelp
- Ungdommane har tilbod om grunnskuleopplæring og/eller norsk ved Lindås ungdomsskule eller Lindås voksenopplæring
- Barnevernet er tilgjengeleg ved behov



## **Samarbeid med mottaket**

- Asylmottaket har ikkje ein avtale om samarbeid med helsetenestene i kommunen.
- Samarbeid med skulane (Lindås ungdomsskule og Vaksenopplæringa) har stort sett vore god, men det har vore vanskeleg å få til kontinuitet i samarbeidet.
- Avklaring av ansvar for oppfølging av ungdommane har tatt tid; kva dei tilsette ved mottaket har ansvaret for, ungdommane sjølv og kommunen sitt ansvar.
- Lindås kommune opplever at vi treng ei avklaring i høve til kven som skal dele ut alminnelige medikament som håndkjøpspreparat til ungdommane.
- Det har ofte tatt lang tid før asylsøkarane har fått D-nummer. Dei har difor ikkje fått fastlege som har kunne følgje dei opp over tid.
- Asylsøkarane har därleg økonomi, og det kan føre til at dei ikkje tar kontakt med helsetenestene når det er behov for det .
  - Det er eksempel på at asylsøkarar har forsøkt å finne tilbod der dei slepp å betale egedel i staden for å oppsøkje lege. Det kan og hende dei ikkje tar kontakt med nokon når dei har eit helseproblem. Det kan vere risiko for at dei då ikkje får naudsynt helsehjelp.
  - Det er eksempel på at ungdom ikkje har kjøpt den medisinen dei har blitt rådd til frå spesialisthelsetenesta på grunn av kostnader.
- I seinare tid, når fleire ungdommar har fått avslag på søknad om asyl, opplever skulane at det er aukande fråvær blant ungdommane og at fleire har svekka motivasjon for læring. Dette er ein urovekkjande situasjon, og vil truleg også verke inn på helsesituasjonen til ungdommane.

## **Samarbeid med lokalmiljøet**

Lindås kommune har ikkje god kjennskap til korleis mottaket fungerer i lokalmiljøet, men veit at fleire av ungdommane ved mottaket har besøksheimar i lokalmiljøet. Lindås idrettslag har eit sterkt engasjement inn mot mottaket, og arbeider aktivt for å inkludere ungdommane i idrettsaktivitetar. Fleire av ungdommane ved mottaket er aktive på idrettsbana på Lindås på fritida. Lindås idrettslag har søkt om prosjektmidlar hjå FM til å tilby ferieaktivitetar for ungdommane i mottaket (midlar til tiltak mot barnefattigdom).

Etter initiativ frå innbyggjarar i kommunen har ein inngått matvareavtale med lokal butikk, slik at ungdommane får matvarer til redusert pris eller gratis (t.d. ferskvare som ikkje kan omsetjast i butikk).

Kommunen har ikkje kjennskap til at ungdommane ved mottaket har vore involvert i konfliktar.

## **Andre forhold**

Asylmottaket blei oppretta i ei tid då det var forventa at ungdommane skulle vere der i svært kort tid. No er situasjonen endra. Fleire av dei som er i mottaket har blitt flytta fleire gonger mellom ulike mottak, og med dei nye reglane skal nokre truleg vere i mottaket medan dei venter på å bli sendt ut av Norge. Det bidreg til usikkeheit, og kommunen sitt helsepersonell som er involvert i oppfølging av ungdommar ved mottaket er urolege for om dette vil verke negativt inn på helsa til ungdommane.

## **Eige tilsyn**

Lindås kommune er i ein prosess der det blir gjort tilsyn etter Folkehelseloven og Forskrift om miljøretta helsevern. Miljøretta helsevern omfattar dei faktorar i miljøet som til ein kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa. Desse er blant anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Tema for det aktuelle tilsynet er psykososiale forhold som kan ha innverknad på helsa til dei som oppheld seg der.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hogne Haugsdal  
Ragna Midtbø  
Reidun Sæbdal  
Terese Folgerø  
Ørjan Raknes Forthun

**Mottakarar:**

Utlendingsdirektoratet